

Årsmelding

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek 2010

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) er Noregs leiande leverandør av informasjons- og litteraturtenester til synshemma og andre lesehemma, og er dermed med på å gi alle lik tilgang til litteratur. NLB produserer og låner ut folkebibliotekrelevant litteratur i blindeskrift og som lydbøker. I tillegg produserer og formidlar NLB tilrettelagd studielitteratur for studentar ved universitet, høgskular og fagskular. Vi legg vekt på å tilby eit variert utval av litteratur som i stor grad speglar det norske litterære landskapet og det tilbodet som finst i norske folkebibliotek. All lyd- og blindeskriftproduksjon og utlån av lydbøker er digitalt basert. NLB har administrert og utført utskriftsteneste for døvblinde sia 2003.

NLB har dei seinaste åra vore gjennom ein målretta prosess for å forbetre resultatata i verksemda. I 2007 prioriterte vi å kvalitetssikre produksjonsprosessane. Det var nødvendig for å kunne auke produksjonen, og vi oppnådde ein samla produksjonsvekst på heile 62 prosent frå 2007 til 2008. Det høge produksjonsnivået er ført vidare i 2009 og 2010, samtidig som vi har brukt store ressursar på ulike utviklingsprosjekt, blant anna utvikling og implementering av ny produksjonsteknologi og nye distribusjonsmåtar. Dermed er verksemda førebudd på ytterlegare resultatvekst.

Sterke utlånstal i 2010

- Utlånet av folkebiblioteklitteratur på lyd auka med 11 prosent frå i fjor. Auken i utlån av studielitteratur var på 12 prosent.
- Frå 2005 til 2010 hadde NLB ein samla utlånsvekst på 102 prosent. I same periode auka NLBs totale produksjon av tilrettelagd litteratur med 82 prosent.

Framleis høge produksjonstal

- I 2008 hadde NLB ein samla produksjonsauke for lyd- og blindeskriftbøker på heile 62 prosent samanlikna med 2007.
- NLB har halde oppe det høge produksjonsvolumet av tilrettelagd litteratur både i 2009 og i 2010.
- Produksjonen av blindeskriftbøker auka med 20 % frå 2009 til 2010.
- Det har vore ein stor auke i talet på tidsskrift.

Talet på lånarar stig

- Talet på lånarar i NLB steig med 12 % i 2010.

Stor vekst i titlar på engelsk

- Det er kjøpt inn 500 lydboktitlar frå Storbritannia. Dermed er tilbodet vårt av engelske titlar tredobla. Dette er blitt mogleg gjennom eit tett samarbeid med dei andre nordiske landa.

NorBraille – effektivisert blindeskriftproduksjon

- Auka effektivisering og automatisering av blindeskriftproduksjonen har gitt kortare produksjonstid og ein auke i talet på titlar.
- All nyproduserte litteratur for barn og unge er tilgjengeleg både som lydbøker og som blindeskriftbøker. Det har vore ein stor auke i tilbodet av punkttskriftbøker også for vaksne.
- Behovet avgjer kor mange eksemplar som skal produserast. Det er dermed slutt på ventelister for nyproduserte bøker i blindeskrift. Effektiviseringa blir gjennomført i samarbeid med trykkjeriet til Norges Blindeforbund.

Ny distribusjonsløysing for nettbasert distribusjon

- NLB har utvikla ei ny distribusjonsløysing for lydbøker. Den nye distribusjonsløysinga vil ta høgde for endringar i behova til brukargruppene våre og gjere lydbøker frå NLB lettare tilgjengelege. Løysinga blir lansert i første kvartal 2011.
- Alle NLBs lydbøker vil bli tilgjengelege for nedlasting og streaming via nettsidene våre.
- Distribusjonsløysinga er utvikla i samarbeid med Dedicon i Nederland. Dedicon har tilsvarande oppgåver som NLB.
- Vi tilbyr direkte avspeling (streaming) via den eigenutvikla løysinga NLB direkte.

Digital vassmerking på alle NLBs lydbøker

- I samband med den nye distribusjonsløysinga innfører NLB digital vassmerking på alle lydbøker i samlinga.

Integrert DAISY-spelar i alle lydbøker frå NLB

- Alle lydbøker frå NLB blir leverte med DAISY-spelaren EasyReader Express. Integrert DAISY-spelar gjer det enkelt å høyre på lydbøker frå NLB utan å installere spelar på eigen PC.

Samarbeid med universitets- og høgskulesektoren

- I samarbeid med DAISY Consortiet (DC) utviklet NLB i 2009 det WEB-baserte brukargrensesnittet PipeOnline. PipeOnline opnar for å gi lærestadene internettbasert tilgang til NLBs produksjonsverktøy for lydbøker i DAISY-format.
- Samarbeidsprosjektet mellom UH-sektoren og NLB legg til rette for å betre tilgangen på studielitteratur i DAISY-format for syns- og lesehemma studentar.

Markering av 100-årsjubileet for etablering av bibliotektilbod til synshemma i Noreg

- NLB inviterte til mottaking for inviterte gjester – samarbeidspartnarar og lånarar.

NLBs organisasjon

NLB er ein statsinstitusjon underlagd Kulturdepartementet. Institusjonen skal yte bibliotektenester til blinde, svaksynte og andre lesehemma. NLB produserer og låner ut folkebibliotekrelevant litteratur i blindeskrift og som lydbøker i DAISY-format. Biblioteket tilbyr eit breitt utval av skjønnlitteratur og sakprosa for barn, ungdom og vaksne.

NLB produserer i tillegg studielitteratur for universitet, høgskular og fagskular.

Tilsette

Per 31.12.10 hadde NLB 48 tilsette. 50 personar var i tillegg engasjerte som innlesarar og tekstkonsulentar.

Direktør for NLB er Øyvind Engh.

Lokalisering

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek held til i Oslo, i bygget Halvbroren, eit tilbygg til Nasjonalbiblioteket. NLB er samlokalisert med Nasjonalbiblioteket, Språkrådet, Kulturrådet og Norsk lokalhistorisk institutt.

Intern organisering

NLB er organisert med fire avdelingar under leiing av kvar sin seksjonssjef.

Administrasjonsavdelinga

Administrasjonsavdelinga har hovudansvaret for IKT, økonomi, personalsaker, arkiv og drift av NLBs lokale.

Avdeling utlån/formidling

NLBs førstelinjeteneste ligg under avdeling utlån/formidling. Avdelinga yter bibliotektenester til alle NLBs brukargrupper. Både studenttenesta og folkebibliotektenesta høyrer inn under denne avdelinga. Avdelinga har ansvaret for bokval og andre bibliotekfaglege spørsmål. Andre sentrale ansvarsområde er vidareutvikling av formidlings- og utlånsprosessar, oppfølging av biblioteksystemet Bibliofil og vidareutvikling og drifting av NLBs heimesider.

Produksjonsavdelinga

Hovudansvaret til produksjonsavdelinga er produksjon av lydbøker, blindeskriftbøker og andre tilrettelagde format for NLBs brukargrupper. Avdelinga er også NLBs viktigaste teknologiske utviklingseining.

Informasjonsavdelinga

Informasjonsavdelinga blei oppretta 01.01.10. Gjennom strategisk og målretta informasjonsarbeid skal avdelinga sikre god intern og ekstern kommunikasjon og aktivt medverke til at NLBs tilbod blir godt kjent i målgruppene.

Styret

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek har eit styre som er oppnemnt av Kulturdepartementet. Styret har ein leiar og sju medlemmer. Tre av medlemmene er oppnemnde etter forslag frå Norges Blindeforbund, og éin er oppnemnd etter forslag frå dei tilsette i NLB. Desse fire har personlege vararepresentantar, mens dei departementsoppnemnde medlemmene har tre vararepresentantar som ikkje er personlege.

Medlemmer oppnemnde av departementet:

Leiar: Fred-Arne Ødegaard, nasjonal ekspert, EC, Brussel (avdelingsdirektør FAD (permisjon))

Nestleiar: Lisbeth Tangen, bibliotekdirektør i NTNU
Tone Moseid, seniorrådgivar i Nasjonalbiblioteket
Helena Kettner Rudberg, biblioteksjef i Sjukhusbiblioteken i Sörmland

Medlemmer foreslått av Norges Blindeforbund:

Gunnar Haugsveen, generalsekretær i Norges Blindeforbund
Elisabeth Israelsen, sentralstyremedlem i Norges Blindeforbund
Siri Bjerkestrand, studierettleiar ved Universitetet i Bergen

Representant for dei tilsette:

Pål Hals

Vararepresentantar oppnemnde av departementet:

Vara 1 Morten Tollefsen, forskar ved MediaLT

Vara 2 Toril Laberg

Vara 3 Hege Finnset Eidseter, funksjonskonsulent ved Deichmanske bibliotek

Vararepresentantar foreslått av Norges Blindeforbund:

Tone Nybakken, fysioterapeut
Gert Kroken, Senior Professional, CSC Norge AS
Kari Wiik, nestleiar i Norges Blindeforbund

Vararepresentant for dei tilsette:

Wenche Andresen

Saker

Styret har hatt fire møte og behandla 47 saker. Kvart møte har faste saker som rekneskap, utlåns- og produksjonsstatistikkar og utviklingsprosjekt. I tillegg har styret blant anna behandla desse sakene:

Budsjett, verksemdsplan og årsmelding

Forslag til mandat og organisering av Offentleg utval for blindeskrift

Ny distribusjonsløyising for nettbasert distribusjon

Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Ny lydbokavtale

Strategiplan for NLB 2011–2014

Årsrekneskap

	Rekneskap 31.12.2010	Rekneskap 31.12.2009
Løyvd ramme	-45.705.000	-44.545.000
Sal (meirinntekt frå kap 3326 post 01)	126.550	-499.200
Overført frå 2009	-814.000	-422.000
Eingongsløyving	-100.000	-61.000
Lønnsrefusjon	-768.000	-242.000
Refusjonar	-1.037.763	-470.023
Total ramme	-48.551.313	-46.239.223
11 Lønn – vikar – overtid tilsette	17.768.367	16.989.937
12 Lønn engasjement	433.340	977.681
13 Innlesarar / tekstkonsulent	6.346.866	5.370.775
17 Styrearbeid		
18 Arbeidsgivaravgift	3.519.334	3.482.244
Totale lønnskostnader	28.067.906	26.820.636
21 Invest. IT, inventar, maskiner	2.296.669	2.909.082
22 Produksjonsmateriell	2.333.054	1.805.265
23 Reise/kurs/velferd	2.257.486	1.679.923
24 Kontor, progr, tlf, porto, marknadsf	2.728.745	2.256.121
25 Konsulent – kjøp av tenester	2.762.868	3.901.939
26 Vederlag/kontingentar	1.745.078	1.595.152
27 Vedlikehald/drift maskiner	285.243	210.891
28 Vedlikehald bygg og anlegg		
29 Drift lokale	4.297.414	4.246.481
Totale driftskostnader	18.706.557	18.604.854
Totale kostnader	46.774.463	45.425.490
Resultat (mindreforbruk)	-1.776.850	-813.733

Tildelingsbrev og rundskriv

NLB har motteke desse dokumenta frå KUD om budsjettet 2010:

Tildelingsbrev frå KUD (udatert)

Endeleg tildelingsbrev frå KUD11.02.10

Endring i tildelt budsjettramme i brev frå KUD 23.03.10

Fastsetjing av endeleg budsjettramme i brev frå KUD 04.11.10

Eingongsløyving i brev frå KUD 02.11.10

Forklaring av avvik i rekneskapstal i forhold til den tildelte ramma

Totalt har NLB eit mindreforbruk på kr 1 777' som vi søker overført til 2011. Det meste kjem av prosjekt som er sette i gang i 2010, og som venteleg vil vere ferdige våren 2011. Eit beløp på nær kr 500 000 skulle vore betalt i 2010, men blei først betalt i 2011 som følgje av ein feil med betalingsformidlinga.

Kap 3326 post 01

NLB hadde eit inntektskrav på kr 54 000. NLBs ordinære inntekter blei kr 181 000, inkludert levering av tenester knytte til rekneskaps- og personalsystem for Norsk lokalhistorisk institutt.

Kap 0326 post 01

I det endelege tildelingsbrevet var løyvinga på kr 45 705 000. I tillegg fekk NLB overført mindreforbruket frå 2009 med 814 000 og lønnskompensasjon med kr 768 000. I 2010 har NLB motteke over 1 037 000 i refusjon av sjuke- og foreldrepengar. Det endelege resultatet gir eit mindreforbruk på 1 777 000, som NLB har bedt om å få overført til 2011.

Post 1-1 Personalkostnader

Personalkostnader for egne tilsette var 20 273 000 og utgjør 43,3 % av den totale kostnaden. Intern kompetansebygging i NLB har medverka til at ein større del av personalressursane blir brukte til utviklingsarbeid. Lønn for innlesing og tekstbehandling utgjorde 7 242 000. Etterspørselen etter studielitteratur til synshemma har gått ned, samtidig som det har vore ein liten auke i den delen av studielitteraturen som er produsert med talesyntese, noko som har ført til lågare innlesingskostnader enn budsjettert.

Post 1-2 Driftskostnader

Nye tekniske løysingar effektiviserer drifta og gjer at NLB kan gi brukarane eit breiare og betre tilbod. Samtidig bruker vi ressursar på å vidareutvikle teknologien og kjøpe tenester for å gjere tenestetilbodet endå betre. NLB har styrkt det brukarretta arbeidet med ei informasjonsavdeling. I den samanheng er det brukt meir ressursar på marknadsrelaterte tiltak og det vil det også bli i framtida.

Tilskotsordningar

NLB forvaltar eit tilskot til Offentleg utval for blindeskrift (OUB).

Post 78 Ymse faste tiltak: Offentleg utval for blindeskrift (OUB)

Tildelt løyving i brev av 11.12.09. Endeleg tildelingsbrev kr 688 000

Rekneskap viser kr 687 873

Mindreforbruk kr 126

Resultatrapport

1 HOVUDMÅL

Hovudmåla for kulturpolitikken til regjeringa er trekt opp i budsjettproposisjonen for 2010. Hovudmåla for kapittel 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål for 2010 er lista opp nedanfor. Punkt 3 og 4 er hovudmåla for Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek.

- 1 å sikre det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg
- 2 å sikre og ta vare på pliktavlevert materiale og andre samlingar og gjere samlingane og informasjonen om dei tilgjengelege
- 3 å produsere og låne ut folkebiblioteklitteratur og studielitteratur i lyd- og blindeskrift
- 4 å fremme utviklinga av digitalt innhald og tenester
- 5 å sikre nyskaping, breidd og spreing av norsk fag- og skjønnlitteratur

I tillegg til dei nemnde måla er det vist til viktige omsyn – blant anna tiltak retta mot barn og unge, ivaretaking av likestilling og mangfaldsperspektiv – som ein føreset at alle kulturinstitusjonar følgjer opp, jf. omtale under programkategori 08.20 Kulturformål.

2 RESULTATMÅL

Med utgangspunkt i hovudmåla for NLB, som er nemnde ovanfor, legg departementet dette til grunn for løyvinga i 2010:

Tilknytt hovudmål 3

Resultatmål 1 – Formidling

NLB skal halde ved lag og vidareutvikle si eiga formidlingsteneste og arbeide for at tilrettelagd litteratur og informasjon blir formidla gjennom biblioteknettverket i Noreg. NLB skal leggje vekt på utoverretta litteraturformidling og lesestimulering, særleg overfor barn og unge i målgruppa. NLB skal administrere og utføre utskriftsteneste for døvblinde.

Sentrale resultatindikatorar:

- endring i utlånsomfanget
- talet på lånarar
- endring i tenestetilbodet
- tiltak for barn og unge

Resultatmål 2 – Produksjon

NLB skal halde oppe eit høgt, effektivt produksjonsnivå med riktig kvalitet, basert på oppdatert teknologi.

Sentrale resultatindikatorar:

- produksjonsomfang
- endring i produksjonsomfang
- tiltak for å utnytte produksjonsteknologi
- tiltak for å effektivisere produksjon og distribusjon av blindeskrift

Resultatmål 3 – Studenttenesta

NLB skal vere ein kompetanseressurs for syns- og lesehemma studentar. NLB skal gjennom effektiv produksjon og formidling oppfylle behovet for litteratur blant synshemma studentar. NLB skal vere ein serviceinnstilt samarbeidspartnar for enkeltbrukarar, brukarorganisasjonar og andre offentlege verksemder, som bibliotek og undervisningsinstitusjonar. NLB skal vere med på å koordinere produksjonsmiljøa for tilrettelagd litteratur for studentar med tanke på gjensidig bruk av teknologi og utveksling av produksjonar.

Sentrale resultatindikatorar:

- endring i produksjonsomfang
- endring i tenestetilbodet
- endring i leveringstid
- måling av kor nøgde kundane er

Resultatmål 4 – Nasjonalt ansvar

NLB skal ha det nasjonale ansvaret på sitt spesielle fagområde for rettleiing, produksjon og formidling av litteratur til synshemma og andre lesehemma, andre institusjonar, brukarorganisasjonar og offentlege etatar. NLB skal gjennom internasjonale kanalar vere pådrivar og kvalitetssikrar for å kunne gi eit optimalt tilbod av tenester til dei relevante målgruppene for utvikling og samarbeid.

Sentrale resultatindikatorar:

- endring i tenestetilbodet
- samarbeidsprosjekt
- omfang av internasjonale aktivitetar

Tilknytt hovudmål 4

Resultatmål 5 – Utvikling

NLB skal vere aktiv i utviklinga av tenester og bruk av ny teknologi for å betre tenestene for målgruppene med behov for tilrettelagde produkt.

Sentral resultatindikator:

- endring i teknologi knytt til produksjon og distribusjon

Resultatmål 1 Formidling

Avdeling utlån/formidling har også i 2010 sett søkjelyset på god service og kvalitet i utlånsarbeidet. Lydbokavtalen som blei undertekna i 2008, mellom staten på den eine sida og rettshavarane på den andre, gir NLB rett til å framstille ei uavgrensa mengd eksemplar av eigenproduserte lydboktitlar. For NLBs avgrensa brukargruppe inneber lydbokavtalen auka tilgjengelegheit til lydbøkene i samlinga og dermed ei vesentleg betring i tenestetilbodet. Lydbokavtalen gjeld også ved produksjon av tidsskrift, noko som forenkler administrative rutinar knytte til denne typen produksjonar. Innkjøpte lydbøker som er

produserte av kommersielle utgivarar, er ikkje omfatta av avtalen. I den nye lydbokavtalen som gjeld frå 2011, blir viktige prinsipp i den opphavlege avtalen førte vidare.

Det skal vere enkelt for lånarane å komme i kontakt med NLBs førstelinjeteneste. For å oppnå best mogleg ressursutnytting er det i tillegg eit mål for NLB å stimulere til auka bruk av MappaMi, ein ekstern nettapplikasjon frå Biblioteksystemer AS som er tilgjengeleg via NLBs heimesider. MappaMi gjer NLB til eit døgnope bibliotek. Her kan lånarane når som helst gjere søk i bokbasen og bestille bøker, som dei så får tilsende.

Frå våren 2011 vil NLB tilby nedlasting og streaming (direkte avspeling) av alle lydbøker i samlinga. Det er tidlegare gjort endringar i det opphavlege brukargrensesnittet i MappaMi for å gjere applikasjonen betre tilpassa NLBs brukargrupper. Nedlasting og streaming av lydbøker gjer det nødvendig med ytterlegare tilpassingar i brukargrensesnittet. Avdeling utlån/formidling deltek i arbeidet med å leggje til rette for nye distribusjonsmåtar i NLB.

NLB lanserte i 2009 nye heimesider med endra struktur og nytt brukargrensesnitt som gjer nettsidene meir brukarvennlege for alle NLBs lånargrupper. Nettsidene er vidareutvikla i 2010. Heimesidene oppfyller krava til universell utforming og er ei viktig kommunikasjonsflate for NLB.

I samband med satsing på kvalitetsheving av bibliotektenesta er det utvikla ein ny katalogiseringsstandard og i tillegg gjennomført endringar i statistikkrutinane. NLB har i dei seinaste åra hatt ein sterk auke i både produksjon og utlånsomfang. Tilsette i avdeling utlån/formidling samarbeider med produksjonsavdelinga i både planleggings- og gjennomføringsfasen ved utvikling av nye tilbod i NLB.

Litteraturtilbodet

NLB skal ha eit litteraturtilbod tilpassa behov i dei ulike brukargruppene. I planen for samlingsutvikling er det nedfelt at det i bokvalet skal leggjast vekt på kvalitet, allsidig utval og aktualitet. Endringar i lånarsamansetjinga skal speglast i litteraturtilbodet. Utveljing av bøker til produksjon i DAISY-format og i blindeskrift høyrer inn under NLBs sentrale oppgåver. I 2011 vil samlinga bli utvida med 500 engelske titlar som er innkjøpte frå systerbiblioteket vårt hos RNIB i Storbritannia.

I samband med markeringa av hundreårsjubileet for opprettinga av eit bibliotektilbod for synshemma i Noreg fekk NLB ei ekstraløyving på kr 100 000 frå KUD. Ekstraløyvinga har i stor grad gått til tilrettelegging av nødvendig og etterspurd faglitteratur for synshemma i arbeidslivet.

Barn og ungdom

Ei god bibliotekteneste for syns- og lesehemma barn og unge har høg prioritet i NLB. Barne- og ungdomsbibliotekarane i avdelinga har hovudansvaret for denne delen av bibliotektilbodet. I 2010 har vi auka bemanninga på dette området med ein bibliotekar i 50 % stilling. Gjennom samarbeid med blant andre Huseby kompetansesenter og barne- og ungdomsavdelinga i Norges Blindforbund har barne- og ungdomsbibliotekarane jamleg kontakt med dei unge brukarane sjølv og med lærarar og andre relevante samarbeidspartar. Annakvart år arrangerer NLB skriveleir for synshemma ungdom. I møtet mellom skrivelystne ungdommar og profesjonelle forfattarar blir nye, spennande tekstar skapte. I 2009 deltok 13 synshemma ungdommar på NLBs skriveleir. Neste leir blir arrangert i 2011.

Tabell 1.1 Bokstamme. Folkebibliotek- og studielitteratur

BOKSTAMME	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Folkebibliotek				
Digitale lydbøker (DAISY)	9428	10664	11 299	+635
Blindeskriftbøker	6111	5787	6 066	+279
Studielitteratur				
Digitale lydbøker (DAISY)	2105	2830	3 134	+304

Bokstamme

Storleiken på og samansetjinga av boksamlinga er ei følgje av talet på produserte titlar, men blir også påverka av kassering i samband med vedlikehald av samlinga. Sjå også tabellar under resultatmål 2 Produksjon.

Tabell 1.2 Utlån. Folkebibliotek og studentteneste

UTLÅN	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Folkebiblioteklitteratur				
Digitale lydbøker (DAISY)	320 611	369 301	410 351	+ 41 050
Blindeskriftbøker	2 008	1 966	2 694	+ 728
Studielitteratur				
Digitale lydbøker (DAISY)	7 889	8759	9 795	+ 1 036
E-tekst/blindeskriftbøker	16	40	23	– 17
Notar	21	21	11	– 10
Totalt utlån	330 545	380 087	422 874	+ 42 787

Totalt utlån

NLBs totale utlån av lyd- og blindeskriftbøker var i 2010 på 422 874 titlar. Det gir ein samla utlånsauke på 11 % samanlikna med tilsvarande tal for 2009.

Utlån folkebiblioteklitteratur

NLB lånte i 2010 ut 410 351 titlar folkebiblioteklitteratur i lydbokformat. Dette er ein auke på 11 % samanlikna med 2009.

Utlånet av blindeskriftbøker auka med 37 % i 2010. Ein auke i talet på produserte titlar i blindeskrift, i tillegg til effektivisering av utlånsrutinane og etablering av ei bokklubbordning for blindeskriftlesarar, har medverka til denne utlånsauken.

Utlån studielitteratur

Utlånet av studielitteratur i DAISY-format auka frå 8 759 titlar i 2009 til 9 795 titlar i 2010. Det gir ein utlånsauke på 12 %.

Tabell 1.3 Fjernlån. Folkebibliotek og studentteneste

Fjernlån	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
TPB-fjernlån – folkebibliotek	1 700	1 473	1 487	+14
TPB-fjernlån – studenttenesta	772	795	756	–49

Fjernlån

Tabellen viser kor mange lydboktitlar i DAISY-format som er lånte inn frå Talboks- og punktskriftsbiblioteket (TPB) i Sverige.

Tabell 1.4 Lånarar. Folkebibliotek og studentteneste

TALET PÅ LÅNARAR	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Folkebiblioteket	10 960	11 581	12 982	+1 401
Studenttenesta	330	392	454	+62
Lånarar totalt	11 290	11 973	13 436	+1 463

Talet på lånarar

Det blei i 2010 registrert 1 949 nye lånarar i NLB. Samanlikna med tala for 2009 oppnådde NLB i 2010 ein netto auke i det samla lånartalet på 12 %.

Informasjonsarbeid

Det er ei viktig oppgåve for NLB å gjere tilbodet betre kjent for alle aktuelle brukargrupper. For å styrkje informasjonssatsinga blei det i 2010 oppretta ei eiga informasjonsavdeling med 2,5 årsverk. Hovudoppgåvene til informasjonsavdelinga er å gjere tilbodet ved NLB betre kjent i målgruppene, sikre god intern og ekstern kommunikasjon og medverke til å styrkje NLBs omdømme.

Avdelinga har i 2010 gjennomført informasjonstiltak retta direkte mot lånargruppene, mot skulevesenet, interesseorganisasjonar, det offentlege hjelpeapparatet og andre relevante samarbeidspartnarar. Ei prioritert oppgåve i informasjonsarbeidet er å medverke til auka samarbeid med både skulebiblioteka, fylkes- og folkebiblioteka og brukarorganisasjonane, spesielt Norges Blindforbund og Dysleksiforbundet i Norge. Det er etablert eit breitt nettverk der også andre aktørar i feltet er med, blant andre Program for skulebibliotekutvikling, Leser søker bok og Foreningen !les.

NLBs andre avdelingar har delteke på ulike konferansar og seminar, både med standar og med presentasjonar – og slik gitt viktige bidrag til auka informasjon om NLB.

For å styrkje intern informasjon og kommunikasjon er det sett ned ei prosjektgruppe som har til oppgåve å etablere intranett og elektronisk arkiv for NLB. Informasjonsavdelinga leier dette arbeidet.

Resultatmål 2 Produksjon

Samtidig som det høge produksjonsnivået for lydbøker er halde oppe og det har vore ein stor auke i talet på blindeskriftproduksjonar, har produksjonsavdelinga brukt mykje ressursar på å vidareutvikle dagens produkt, produksjonsprosessar og distribusjonsformer. Vi har fått gode resultat av å utvikle og implementere nye produksjonsverktøy og å fokusere sterkare på produksjonsoppfølging. Andre viktige tiltak for å halde oppe det høge talet på produksjonar, i tillegg til produksjonstekniske endringar, har vore betre utnytting av studiokapasiteten og rekruttering av fleire innlesarar.

Produksjonsavdelinga er i gang med å etablere ei felles produksjonslinje, basert på XML-formatet DTBook, for alle typar produksjonar. Med ei DTBook-basert felles produksjonslinje kan NLB gjere alle produksjonar tilgjengelege for lånarane i det formatet dei ønskjer. Samkøyrde produksjonslinjer har gjort det mogleg for NLB å auke talet på punkttskriftproduksjonar og samtidig levere titlane i punkt langt raskare enn før.

Samarbeid og utvikling

NLB har eit utstrekt samarbeid med andre produsentar av tilrettelagd litteratur både i innlandet og i utlandet. Innanlands samarbeider NLB om produksjonsspørsmål med blant andre Huseby kompetansesenter, Norges Blindforbund og kommersielle aktørar innan digitalisering og lydproduksjon. Det er etablert eit tett samarbeid med NLBs systerbibliotek i dei andre nordiske landa og med DAISY Consortium (DC) internasjonalt.

NLB er ein aktiv bidragsytar til utviklingsarbeidet i DC. Samarbeidet har gitt god produksjonsteknisk gevinst, og gjennom det har vi sikra oss at vi kan tilby dei formata lånarane og marknaden etterspør. NLB arbeider med ei rekkje utviklingsprosjekt. Dei mest sentrale prosjekta er det gjort greie for under hovudmål 4 og 5.

Lydbokproduksjon

Alle lydbøker blir produserte i DAISY-format. Skjønnlitteratur og bøker for barn og unge blir lesne inn på tradisjonell måte, mens ein stor del av studielitteraturen blir produsert ved hjelp av talesyntese. I 2010 blei 64 % av studielitteraturen produsert med talesyntese. Bruk av talesyntese gir ei mykje kortare produksjonstid samanlikna med tradisjonell innlesing. Kort leveringstid er ein vesentleg faktor ved vurderinga av kvaliteten på NLBs tilbod til studentar. Talesyntese blir også brukt ved produksjon av Aftenposten i lydutgåve og i dei fleste av NLBs tidsskriftsproduksjonar.

Talesyntese og fulltekst

I samarbeid med det svenske Talboks- og punkttskriftsbiblioteket (TPB) har NLB utvikla den norske talesyntesen Brage. Brage blei teken i bruk hausten 2009 og blir nytta saman med produksjonsverktøyet DAISY Pipeline. Tilgang til uttaleleksikon frå den kommande norske språkbanken, gjennom eit samarbeid med Språkrådet, har vore viktig for å kunne

realisere dette utviklingsprosjektet. Med den eigenutvikla talesyntesen kan NLB forbetre kvaliteten på denne typen produksjonar, noko som er spesielt viktig når det gjeld det den store prosentdelen av studielitteratur som er produsert med talesyntese.

NLB har utnytta moglegheitene som ligg i nye produksjonsmåtar og ny, norsk talesyntese til å forbetre folkebibliotektilbodet også, og vi har fått til ein stor auke i talet på tidsskrift som er tilgjengelege på lyd. Lydbøker som er produserte med talesyntese, er tilgjengelege som fulltekstbøker som ein kan lese på PC samtidig som ein høyrer på teksten. Fulltekstbøker er eit godt produkt spesielt for dyslektikarar. NLB har i tillegg starta prøveproduksjon av tradisjonelt innlesne bøker i fulltekst. I tilknytning til denne produksjonen er det gjennomført eit prosjekt med brukartesting av grensesnitt og drøftingar av produksjonstekniske val.

Blindeskriftproduksjon

Det systematiske arbeidet for å samordne og effektivisere produksjonen gjer at NLB har kunna auke blindeskriftproduksjonen og samtidig korte vesentleg ned på produksjonstida. Kortare produksjonstid gjer at vi kan tilby blindeskrifttitlar samtidig med – eller før – titlane er ferdig produserte som lydbøker. Denne effektiviseringa av produksjonen og distribusjonen av blindeskriftbøker har vi fått til i samarbeid med Norges Blindforbunds trykkjeri.

Det er etablert felles produksjonslinje for lydbøker med talesyntese og blindeskriftbøker. All digitalisert litteratur kan gjerast tilgjengeleg både som lydbøker med talesyntese og som blindeskriftbøker. I tillegg har vi ein ny distribusjonsmodell som gjer det mogleg å produsere blindeskriftbøker på bestilling frå lånarane. Som ved utlån av lydbøker på CD produserer vi nye eksemplar av blindeskriftbøkene ved kvart nytt utlån. Ettersom vi produserer eksemplar etter behov, har vi greidd å fjerne ventelistene også for dette formatet.

Tabell 2.1 Produksjon totalt. Folkebibliotek- og studielitteratur

PRODUKSJON	2007	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Total produksjon av folkebibliotek- og studielitteratur					
Digitale lydbøker i DAISY-format – eigenproduserte bøker, tidsskrift og avis	775	1 141	1 391	1 386	-5
Digitale lydbøker i DAISY-format – innkjøpte bøker	126	152	158	140	-18
Digitale lydbøker i DAISY-format – eigenproduserte og innkjøpte	901	1566	1549	1 526	-23
Blindeskrift/e-tekstbøker	194	208	285	311	+26
Total produksjon av lyd- og blindeskriftbøker	1095	1774	1834	1 837	+3

Total produksjon

NLBs samla produksjon av lydbøker i DAISY-format var på 1526 titlar i 2010. Samanlikna med 2009 er dette ein svak nedgang på 1 %. Det var for 2010 budsjettert med å halde oppe det høge produksjonsnivået som blei oppnådd i 2008. Det er ein viktig prioritet for NLB å leggje til rette for vidare utvikling av tenestetilbodet gjennom teknologi- og andre utviklingsprosjekt og å nå ut til nye målgrupper.

Hovudårsaka til nedgangen i produksjon av lydbøker er ein reduksjon i talet på bestillingar av studielitteratur frå synshemma studentar. Lågare etterspørsel etter nyprodusert studielitteratur må også sjåast i samanheng med den store produksjonsauken året før, som gav vesentleg betre litteraturdekning innan dei ulike faga. Synshemma studentar har produksjonsrett ved NLB, og produksjonsomfanget av studielitteratur blir avgjort av pensumlistene til denne lånargruppa. Blant dei i alt 454 lånarane i studenttenesta er det 65 synshemma studentar med produksjonsrett. Talet på synshemma studentar med produksjonsrett ved NLB gjekk i 2010 ned med 22 % samanlikna med 2009.

Samla produksjon av blindeskrift-/e-tekst-bøker auka med 9 % det siste året. Etterspørselen etter e-tekstbøker har gått noko ned. Produksjonen av blindeskriftbøker auka med 20 % samanlikna med 2009.

Når det gjeld den totale produksjonen av lyd- og blindeskriftbøker, har NLB halde oppe det same høge produksjonsnivået som i 2009. Det er verdt å merke seg at NLB frå 2007 til 2008 auka den totale produksjonen av lyd- og blindeskriftbøker med heile 62 %.

I tråd med den uttalte målsetjinga om å halde oppe det høge produksjonsnivået for lyd- og blindeskriftbøker har produksjonsavdelinga brukt ressursar på utvikling og implementering av nytt produksjonsutstyr, og slik lagt grunnlaget for ytterlegare produksjonsauke i framtida.

Tabell 2.2 Produksjon. Folkebiblioteklitteratur. Lydbøker

FOLKEBIBLIOTEKLITTERATUR LYDBØKER	2007	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Lydbøker – eigenproduserte innlesingar	380	555	566	546	–20
Lydbøker – innkjøpte kommersielle	126	152	158	140	–18
Lydbøker – talesyntese – avis, tidsskrifter, bøker	39	342	399	472	+73
Total produksjon av lydbøker i DAISY-format	546	1049	1123	1158	+35
Lydbøker – vaksne – eigenproduserte	262	378	391	371	–20
Lydbøker – barn – eigenproduserte	118	177	175	175	0

Folkebiblioteklitteratur – lydbøker

Samla produksjon av folkebiblioteklitteratur i lydbokformat var i 2010 på 1 158 titlar. Dette er ein auke på 3 % samanlikna med 2009. Talet på eigenproduserte innlesne lydbøker gjekk ned med 4 %, mens det blei kjøpt inn 11 % færre kommersielt produserte lydbøker i 2010. Talesynteseproduksjonar, som omfattar aviser, tidsskrift og litt sakprosa, auka med 9 % samanlikna med 2009. NLBs tidsskriftstilbod omfattar 18 ulike titlar. Det totale talet på produserte eksemplar er 178. Av desse er 146 eksemplar produserte med talesyntese.

Som i 2009 nådde NLB også i 2010 målet om ein høg prosentdel eigenproduserte lydbøker med tradisjonell innlesing. Frå 2007 til 2008 hadde NLB elles ein auke på 46 % for denne typen produksjonar. All skjønnlitteratur vil framleis bli lesen inn på tradisjonell måte.

Tabell 2.3 Produksjon folkebiblioteklitteratur. Blindeskriftbøker

FOLKEBIBLIOTEKLITTERATUR BLINDESKRIFTBØKER	2007	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Blindeskrift – vaksen	74	85	100	130	+30
Blindeskrift – barn	110	95	84	158	+74
Total produksjon blindeskrift	194	180	239	288	+49

Folkebiblioteklitteratur – blindeskrift

Tabellen viser ein auke i den totale blindeskriftproduksjonen på 20 % det siste året.

Tabell 2.4 Produksjon. Studielitteratur

STUDIELITTERATUR	2007	2008	2009	2010	Endring 2009– 2010
Lydbøker – innlesingar	171	232	166	132	–34
Lydbøker – talesyntese	185	285	260	236	–24
Total produksjon lydbøker i DAISY-format	356	517	426	368	–58
E-tekstbøker/blindeskrift	10	14	43	23	–20
Blindeskriftnotar		14	3	2	–1

Studielitteratur

Det blei produsert i alt 368 titlar studielitteratur i DAISY-format i 2010, noko som gir ein nedgang på 14 % samanlikna med 2009.

Det er størst nedgang i talet på titlar som er produserte med tradisjonell innlesing. Her er reduksjonen på 34 titlar, eller 20 %. Studielitteratur produsert med talesyntese er redusert med 9 % samanlikna med 2009. I 2010 blei 64 % av all studielitteratur i lydbokformat produsert med talesyntese. Det tilsvarande talet for 2009 var 61 %.

Denne nedgangen i produksjonstala for studielitteratur må vi sjå i samanheng med at det i 2010 var ein nedgang på 22 % i talet på studentar med produksjonsrett. Tala for 2010 må dessutan vurderast i lys av den store produksjonsauken i 2008. Auken i produksjon av studielitteratur i DAISY-format var då på heile 45 % samanlikna med tala for 2007. Den store auken i talet på produserte titlar i 2008 førte til ei langt betre dekning av litteratur på dei ulike fagområda, noko som kan ha medverka til ein forbigåande lågare etterspørsel etter nye lydbokproduksjonar.

Synshemma studentar har produksjonsrett ved NLB. All produksjon av studielitteratur, både litteraturutval og produksjonsomfang, blir avgjort av pensumlistene til denne lånargruppa.

Resultatmål 3 Studentteneste

Produksjonsoppnåing og kort leveringstid

Ein stadig større del av studielitteraturen i DAISY-format er produsert med talesyntese dei seinaste åra. I 2010 stod lydbøker med talesyntese for 64 % av den samla studielitteraturproduksjonen på lyd.

Talesyntese

I tillegg til full måloppnåing når det gjeld produksjon av studielitteratur på oppdrag frå studentar med produksjonsrett, har NLB ved å ta i bruk talesyntese i produksjonane også korta vesentleg ned på produksjonstida for kvar enkelt bok. Dette er ei viktig forbetring i tenesta overfor studentar som treng tilrettelagd litteratur. Lydbøker produserte med talesyntese er tilgjengelege både som lydbok og som fulltekstbok som ein kan lese på PC samtidig som ein høyrer teksten. Lydbøker i fulltekstformat er eit svært godt produkt for studentar med dysleksi eller andre lesevanskar.

Lånarsamansetjing og produksjon

Det totale talet på lånarar ved studenttenesta auka med 14 % i 2010 samanlikna med tala for 2009. Lånargruppa utan produksjonsrett er dominert av studentar med dysleksi eller andre lese- og skrivevanskar. I denne gruppa finn vi i tillegg også synshemma som ikkje oppfyller kriteria for produksjonsrett i NLB. Talet på registrerte studentar utan produksjonsrett steig med 26 % i 2010, mens talet synshemma studentar med produksjonsrett gjekk ned med 22 %. Av dei totalt 454 registrerte lånarane i studenttenesta utgjør synshemma studentar med produksjonsrett no 14 %.

Nedgangen i talet på produksjonsrettsstudentar inneber reduksjon i bestillingane av nye studielitteraturproduksjonar og medverkar dermed til å forklare produksjonsnedgangen. All produksjon av tilrettelagd litteratur for studentar ved universitet, høgskular og fagskular blir avgjort av litteraturlistene frå studentane med produksjonsrett. Andre lånarar i NLB kan låne alle titlar som er produserte for synshemma studentar, men dei har ingen sjølvstendig produksjonsrett.

Det er verdt å merke seg at NLB i 2008 hadde ein auke i produksjon av studielitteratur i DAISY-format på heile 45 % samanlikna med tala for 2007. Den store produksjonsauken førte til ei vesentleg betra dekning av studielitteratur innan fleire fagområde og medverkar truleg framleis noko til ein forbigåande lågare etterspørsel etter nye lydproduksjonar.

Auka utlån

Utlånet av studielitteratur auka med 12 % samanlikna med tala for 2009. I tillegg til egne produksjonar lånte studenttenesta i 2010 ut 756 titlar via fjernlånsamarbeid med TPB. Denne tenesta er eit tilbod til både syns- og lesehemma studentar.

I samarbeid med produksjonsavdelinga har studenttenesta medverka i arbeidet med å etablere eit utvida samarbeid med universitets- og høgskulesektoren. Det er gjort nærmare greie for dette prosjektet under resultatmål 4.

Resultatmål 4 Nasjonalt ansvar

NLB skal ha det nasjonale ansvaret innan sitt spesielle fagområde for rettleiing, produksjon og formidling av litteratur til synshemma og andre lesehemma, andre institusjonar, brukarorganisasjonar og offentlege etatar. NLB skal gjennom internasjonale kanalar vere pådrivar og kvalitetssikrar for å sikre eit optimalt tilbod av tenester for dei relevante målgruppene for utvikling og samarbeid.

Sentrale resultatindikatorar:

- endring i tenestetilbodet
- samarbeidsprosjekt
- omfang av internasjonale aktivitetar

Samarbeid med universitets- og høgskulesektoren

For å betre tilgangen på tilrettelagd studielitteratur for syns- og lesehemma studentar har NLB i samarbeid med den nasjonale pådrivareininga ved NTNU (sjå nærmare beskriving på www.universell.no) teke initiativ til eit utvida samarbeid med universitets- og høgskulesektoren.

Via NLBs heimesider kan lærestadene få tilgang til DAISY PipeOnline. DAISY PipeOnline gir lærestadene tilgang til DAISY Pipeline, hovudverktøyet for produksjon av DAISY-bøker med talesyntese, slik at dei sjølv kan utføre produksjonar for enkeltstudentar. Det er NLB som eig og driftar produksjonsverktøyet.

Samarbeidsprosjektet med UH-sektoren opnar for breiare utnytting av NLBs produksjonsteknologi og ei forbetring i tilbodet til syns- og lesehemma studentar, både ved lærestadene og ved NLB. Vidareutvikling av produksjonsverktøyet DAISY Pipeline og tilpassingar i Bibliofils samsøkteneste er viktige tiltak i dette prosjektet. Gjennom ei nyutvikla samsøkteneste med TPB får den enkelte lærestaden oversikt over påbegynte og ferdige lydbokproduksjonar i begge land. NLB produserer tilrettelagd studielitteratur for synshemma studentar. Studentar med dysleksi eller andre lesevanskar har rett til å låne litteraturen som blir produsert, men dei har ingen sjølvstendig produksjonsrett.

Brage – ny norsk talesyntese

I samarbeid med TPB i Sverige utvikla NLB i 2009 ein ny norsk talesyntese som blir kalla Brage. Utviklingsarbeidet begynte i 2008, og hausten 2009 blei Brage teken i bruk saman med produksjonsverktøyet DAISY Pipeline. Ein stadig større del av studielitteraturen, og dessutan tidsskrift og offentlege dokument, blir produsert ved hjelp av talesyntese. Nettopp studielitteraturen stiller store krav til talesyntese gjennom omfattande bruk av framandord,

namn, referansar og anna. Kommersielt tilgjengelege talesyntesar på norsk er ikkje utvikla for dette formålet.

Med Brage har NLB fått eit verktøy som oppfyller dei krava ein må stille til ein talesyntese som skal nyttast ved produksjon av vår type lydbøker i DAISY-format. Erfaringar rundt bruk av talesyntese er kartlagde i ei brukarundersøking som blei gjennomført hausten 2010. Brage blir vidareutvikla internt i NLB – i tråd med kartlagde behov for endringar og forbetringar.

TPB og NOTA, det danske systerbiblioteket vårt, samarbeider no om å utvikle ein dansk talesyntese basert på same teknologiske plattform som Brage.

Fulltekstbøker

NLB har i 2010 gjennomført første del av eit større prosjekt for å prøve ut produksjonar av innlesne fulltekstbøker i DAISY-format. Formålet med prosjektet er å opparbeide kunnskap om effektiv produksjon av denne typen bøker basert på eksisterande teknologi.

DAISY Consortium (DC)

Deltaking i DAISY Consortium (DC) er svært viktig for store delar av utviklingsarbeidet ved NLB. NLB er representert i styret for DC – seksjonssjefen for produksjonsavdelinga har vervet *treasurer*. I tillegg har NLB hatt ei viktig rolle i arbeidsgruppa som utvikla eit online grensesnitt (GUI) for DAISY Pipeline, hovudproduksjonsverktøyet for lydbøker med talesyntese. DAISY Pipeline blei i 2008 teke i bruk som internt produksjonsverktøy i NLB. I 2009 blei NLB den første institusjonen som implementerte DAISY PipeOnline. Utviklinga av denne løysinga er svært viktig i samarbeidsprosjektet med universitets- og høgskulesektoren.

NLB har styrkt utviklarkompetansen og har ei sentral rolle i utviklinga av DAISY Pipeline 2. DAISY Pipeline 2 er basert på ein open kjeldekode og gir høve til meir automatisering ved produksjon av tilrettelagt materiale. Eit slikt vidareutvikla produksjonsverktøy med forbetra kjerne som er tilpassa behovsendringar, sørgjer for at NLB kan tilby produkt i det formatet lånarane etterspør.

Norsk DAISY-konsortium (NDK)

NLB tok i 2006 initiativ til opprettinga av Norsk DAISY-konsortium (NDK). NDK er tilslutta det internasjonale DAISY Consortium (DC). Det er samansett av Nasjonal pådrivar, Huseby kompetansesenter, Tambartun kompetansesenter, Norges Blindforbund, KABB (Kristent arbeid blant blinde og svaksynte), Bredtvet kompetansesenter og NLB. Det er teke initiativ til å utvide talet på medlemmer. NLB leier arbeidet i NDK.

Blindeskriftproduksjon

NLB og Norges Blindforbunds trykkjeri har i samarbeid utvikla nye metodar for produksjon og distribusjon av bøker i blindeskrift. Både bøker, noveller og nyheitsbrev i punkt blir trykte i Norges Blindforbunds trykkjeri. Trykkjeriet står også for all utsending av nye blindeskriftproduksjonar. NLB utfører all tilrettelegging fram til trykkjeklare filer.

Ei felles digital produksjonsplattform er svært viktig for ein effektiv produksjon, både av lydbøker og av blindeskriftbøker. Produksjonsavdelinga har etablert ei felles produksjonslinje basert på DTBook-filer, noko som inneber at all digitalisert litteratur kan

gjerasst tilgjengeleg for lånarane, både som lydbøker og i blindeskrift. NLB har i 2010 implementert AutoBraille, eit verktøy for DTBook-basert produksjon av blindeskrift. Samordning og effektivisering av produksjon og distribusjon har gjort det mogleg for NLB å auke produksjonsomfanget av blindeskriftbøker og samtidig fjerne ventelistene på nye blindeskriftbøker.

Samarbeid med Nasjonalbiblioteket

NLBs digitale masterarkiv blir lagra ved Nasjonalbibliotekets avdeling i Mo i Rana. Det sikrar at NLBs produksjonar er tilgjengelege same kva for filformat som blir teke i bruk i framtida. Utlånet av lydbøkene, inkludert brenning av ein ny DAISY-CD for kvart nytt utlån, skjer frå NLB. NLB har ei stor samling av blindeskriftbøker. Vi utnyttar den store lagringskapasiteten ved Nasjonalbibliotekets avdeling i Mo i Rana og oppbevarer blindeskriftbøkene der. Ved utlån blir blindeskriftbøkene sende direkte frå Mo i Rana til den enkelte lånaren. Saman med eit godt samarbeid om IKT-drift er dette svært viktig for NLB, og det er eit godt eksempel på samarbeid for å utnytte statlege ressursar best mogleg.

Resultatmål 5 Utvikling

NLB skal vere aktiv i utviklinga av tenester og bruk av ny teknologi for å betre tenestene for målgruppene som treng tilrettelagde produkt.

Sentral resultatindikator:

- endring i teknologi knytt til produksjon og distribusjon

For å utvide tenestetilbodet vil NLB halde fram samarbeidet med dei institusjonane, produsentane og organisasjonane i inn- og utland som vi allereie har omtalt. Men NLB deltek også i andre prosjekt og arbeidsgrupper.

IFLA og DAISY Consortium (DC)

NLB er medlem av Standing Committee i IFLAs seksjon Libraries Serving Persons with Print Disabilities. Seksjonen har som hovudoppgåve å arbeide for at personar med syns- og lesehemningar får tilgang til dei same bibliotektenestene som andre. NLB er også medlem av The Global Library Project, i arbeidsgruppa Collection Sharing. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom IFLA og DAISY Consortium med det hovudformål å gi alle syns- og lesehemma direkte tilgang til ønskt litteratur i digital form – frå kvar som helst i verda. Tilgangen skal sikrast gjennom internasjonale samarbeidsavtalar om fjernlån, filutveksling og/eller kjøp av ønskte titlar.

I 2011 skal NLB vere ei av pilotverksemdene i det internasjonale samarbeidet mellom bibliotek og rettshavarar som blir kalla TIGAR-prosjektet. I full skala vil det medverke til å gj endå betre tilgang til tilrettelagd litteratur for norske lånarar.

NLBs samarbeid med DAISY Consortium er også omtalt under resultatmål 4. Auka utviklarkompetanse i NLB medverkar til at vår rolle i dette samarbeidet er styrkt. NLB gir viktige bidrag til utvikling av DAISY Pipeline 2.

Filutveksling

Hausten 2009 underteikna dei nordiske lyd- og blindeskriftbiblioteka ein avtale om utveksling av tilrettelagd litteratur over landegrensene. Denne avtalen omfattar både ferdige produksjonar og tilgang til filer for å kunne produsere litteratur i ønskt format. Avtalen aukar

tilbodet av tilrettelagd litteratur og medverkar til at ein unngår unødvendige dobbeltproduksjonar. Avtalen opnar i tillegg for at lånarar som er busette i Norden, fritt kan låne tilrettelagd litteratur frå dei andre nordiske landa.

Avtalen om filutveksling er spesielt retta mot studielitteratur og må sjåast i samanheng med samarbeidsprosjektet mellom NLB, Nasjonal pådriver og universitets- og høgskulesektoren som har til formål å betre tilbodet av tilrettelagd studielitteratur ved lærestadene.

Distribusjon

NLB har utvikla ei ny løysing for nettbasert distribusjon. Via heimesidene våre blir alle lydbøkene våre tilgjengelege for nedlasting og streaming (direkte avspeling). Løysinga er klar for testing og blir lansert første kvartal 2011. Tilbodet om nedlasting og streaming kjem i tillegg til dagens ordning med utsending av lydbøker på CD. Streaming blir tilbydd via den eigenutvikla løysinga "NLB direkte". I samband med innføringa av nye distribusjonsmåtar blir vassmerking innført på alle lydbøker frå NLB.

Ei interessant løysing er utvikling av ein nettbasert DAISY-spelar som saman med sjølve lydboka blir gjort tilgjengeleg via NLBs heimesider. Ved ei slik løysing er det ikkje behov for lokal installasjon eller nedlasting/streaming av lydboka. Frå medio 2010 blir alle lydbøker leverte med integrert DAISY-spelar, noko som gjer det enkelt å høyre på lydbøker frå NLB utan å måtte installere spelar på eigen PC.

Leseåret 2010

NLB deltok saman med ABM-utvikling og Deichmanske bibliotek på opninga av Leseåret 2010. Vi var også representerte på eit større arrangement på Gardermoen saman med ulike aktørar innan bibliotek og bokbransje. NLB er representert i Forum for lese- og skrivestøtte og deltok i arrangementskomiteen for konferansen "Leseåret 2010 – for alle".

Anna rapportering

Plandokument

NLBs strategiplan for perioden 2011–2014 gjer greie for hovudmåla for verksemda og tiltak for å nå måla. Med utgangspunkt i sentrale mål i strategiplanen blir det utarbeidd årlege verksemdsplanar for den enkelte avdelinga. Strategi- og verksemdsplanar blir godkjende av NLBs styre.

Orientering om iverksetjing av etiske retningslinjer for statstenesta

NLB er ein oversiktleg organisasjon, noko som – saman med karakteren av verksemda vår – inneber at det stort sett er liten fare for å komme i konflikt med dei etiske retningslinjene som gjeld for statstenesta.

NLB har omfattande brukarkontakt, både på telefon, via e-post og gjennom sjølvbetente lysingar på Internett. Dette kan i ein del tilfelle føre til krevjande situasjonar der fleire omsyn må vegast opp mot kvarandre. Vi prøver å ta vare på kvar enkelt brukar best mogleg, blant anna gjennom å utarbeide og følgje opp ei serviceerklæring, samtidig som vi har heilskapen for auge. Det er blitt orientert om etiske retningslinjer for statstenesta på allmøte i NLB.

Som det går fram fleire stader i årsmeldinga, har NLB sett mykje inn på å effektivisere verksemda. Slik arbeider vi for å sikre at dei løyvde midlane gir brukarane så gode resultat som mogleg.

Orientering om gjennomført risikoanalyse

Rapporten *Kritisk blikk på IKT* er ein gjennomgang av organisering og kostnader knytte til NLBs IKT-verksemd. Rapporten gjer greie for risikofaktorar og tiltak for å redusere risikoar. Den første rapporten frå 2007 er blitt følgd opp med ein ny rapport i 2009. Risikovurdering er også teke inn som eige punkt i dei årlege verksemdsplanane frå avdelingane og i alle prosjektbeskrivingar.

Reglementet "Rutinar for anskaffingar" sikrar at alle anskaffingar i NLB blir gjennomførte i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og instruksar for offentlege anskaffingar.

Utgreiing om integrering/inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

NLB hadde per 01.01.10 tre tilsette med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn utgjer 6,3 % av dei tilsette i NLB. I 2009 var det 4,2 % tilsette med innvandrarbakgrunn i NLB. Ved utlysing av ledige stillingar blir alle kvalifiserte kandidatar oppfordra til å søkje, uavhengig av nasjonal eller etnisk bakgrunn.

Orientering om likestilling

2010	Totalt		Leiarstillingar		Andre stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (i pst.)	58,3	41,7	40	60	60,5	39,5
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (i pst.)	53,9	46,1	40	60	55,9	44,1
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (i pst.)	77,8	22,2	0	0	77,8	22,2
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr)	375	402	584	666	359	355

NLB har tradisjonelt vore inndelt i ei kvinnedominert avdeling for utlån/formidling og ei mannsdominert produksjonsavdeling. Rekrutteringa av nye medarbeidarar ved NLB har i dei seinaste åra i stor grad vore knytt til produksjonsavdelinga. Her har prosentdelen kvinnelege tilsette auka.

Likestilling mellom kjønna er ei viktig målsetjing for lønnspolitikken ved NLB. Om vi held leiarstillingar utanom, ser vi av tabellen at kvinnelege tilsette ved NLB i gjennomsnitt tener 1 % meir enn mannelege tilsette. Vi har ikkje kunna finne noko som tyder på at menn og kvinner blir behandla systematisk ulikt i spørsmål om lønnsfastsetjing og lønnsutvikling.

Kulturelt mangfald

NLB arbeider for å auke omfanget av litteratur på andre språk enn norsk i samlinga. Gjennom innvandrargruppa i Norges Blindforbund har vi komme i kontakt med eit miljø som etterspør bøker på russisk. Systerbiblioteket vårt i Estland har lydbøker på russisk som ikkje er i DAISY-format. Vi har fått 50 russiske bøker frå Estland som vi har konvertert til DAISY, innlemma i samlinga og sendt tilbake til Estland i DAISY-versjon. Liknande samarbeid kan utviklast med andre land, men det er ressurskrevjande og avhengig av at det er mogleg å opprette ein relasjon.

Orientering om systematiske brukarundersøkingar

I samarbeid med Sentio Research Norge gjennomførte NLB hausten 2008 ei brukarundersøking retta mot lydboklånarane. 500 av NLBs aktive lydboklånarar blei intervjuet. Blant desse finn vi flest menneske med synshemming eller dysleksi, men også menneske som av andre grunnar har vanskar med å lese trykt tekst, er representerte. Aktive lånarar er i undersøkinga definerte som lånarar som har lånt lydbøker etter 01.07.07. Siktemålet med undersøkinga var å kartleggje bruksmønster til lånarane og å måle kor tilfredse dei er med dei ulike tilboda. Det er i undersøkinga stilt spørsmål om låne- og lesevanar, og om kor nøgde lydboklånarane er med litteraturtilbodet ved NLB. Vidare er det også stilt spørsmål om kvaliteten på NLBs lydbøker, om kontakten med førstelinjetenesta og om bruk av heimesida. Undersøkinga inneheld også spørsmål om avspjelingsutstyr og om nye tenester. Brukarundersøkinga viser at brukarane i stor grad er tilfredse med NLBs tilbod. Dei eldste lånarane er mest nøgde med tilbodet.

Kort om funn i brukarundersøkinga:

59 % høyrer på lydbøker 1–3 timar eller meir kvar dag, eller over 10 timar i veka.

69 % av NLBs aktive lånarar er kvinner.

38 % har utdanning på grunnskulenivå, 31 % har vidaregåande skule, og til saman 31 % er universitets- eller høgskuleutdanna.

90 % låner skjønnlitteratur, 31 % låner sakprosa og faglitteratur.

Synshemma er meir nøgde med tilbodet enn dyslektikarane.

75 % synest det er enkelt å komme i kontakt med NLBs førstelinjeteneste, og 80 % opplever dei tilsette som svært serviceinnstilte.

NLB skal gjennomføre ei ny, omfattande brukarundersøking i 2012.

Orientering om utarbeiding av varslingsrutinar

NLB abonnerer på HMS-system frå leverandøren Infotjenester. Systemet inkluderer varslingsystem.

Orientering om oppfølging av statens IKT-arkitektur

Rapporten *Kritisk blick på IKT* er ein gjennomgang av organisering og kostnader knytte til NLBs IKT-verksemd. Rapporten gjer greie for risikofaktorar og tiltak for å redusere risikoar. Den første rapporten frå 2007 er blitt følgd opp med ein ny rapport i 2009. Risikovurdering er også teke inn som eige punkt i dei årlege verksemdsplanane frå avdelingane.

Basert på tidlegare IKT-rapportar skal det i 2011 utarbeidast ein IKT-plan for NLB. Planen skal sikre at NLB tek omsyn til dei sju overordna prinsippa for IKT-arkitektur ved utvikling av nye IKT-løysingar eller vesentlege ombyggingar av eksisterande IKT-system i staten. NLB

samarbeider med Nasjonalbiblioteket om IKT-drift. Samarbeidet følgjer opp fleire prinsipp som er gjort greier for i P 4/2010, blant anna interoperabilitet, tryggleik og fleksibilitet.

Arbeidet med å oppfylle krav til universell utforming og sikre god tilgjengelegheit for alle har høg prioritet i NLB. Ved vidareutvikling av tenester og endringar i brukargrensesnittet mot sluttbrukarane involverer vi ulike grupper av testpersonar for å sikre eit godt resultat.

Orientering om miljøarbeidet i verksemda

Administrasjonssjefen i NLB er ansvarleg for miljøarbeidet. Seksjonssjefane skal sjå til at miljøarbeidet blir følgt opp i avdelingane. Det er plasserte papirinnsamlingsøskjer ved kvar arbeidsplass. Datautstyr blir gjenbrukt internt. Ved kassasjon blir alt levert til gjenbruk eller til miljøvennleg destruksjon. Alt lys i kontorlandskap blir automatisk slått av etter klokka 18.00.

NLB er i gang med å leggje til rette for å tilby både direkte avspeling og nedlasting av lydbøker. I tillegg til å betre tenestetilbodet vil nye distribusjonsmåtar gi ein vesentleg miljøgevinst ved at talet på lydbøker produserte på CD blir redusert.

NLBs reglement "Rutinar for anskaffingar" oppfyller dei krava regjeringa set til offentlege verksemdar om å vise miljø- og samfunnsansvar ved anskaffingar.

Oppfølging av IA-avtalen

NLB inngjekk den første IA-avtalen i 2003. Den noverande IA-avtalen blei underteikna i 2008. NLB skal inngå ein ny IA-avtale i 2011. Det totale sjukefråværet var i 2010 på 9,1 %. I 2008 var NLBs totale sjukefråvær på 9,03 %. Overgang til nytt lønns- og personalsystem gjer at det ikkje er særleg lett å presentere samanliknelege tal for tidlegare år.

NLB har fleire arbeidsplassar tilrettelagde for personar med nedsett funksjonsevne. Det blei i 2009 innført eit nytt HMS-system for å leggje til rette for meir planmessig oppfølging av føresegnene i IA-avtalen. Som eit ledd i den vidare oppfølginga av IA-avtalen har alle leiarar gått på kurs i regi av NAV – Arbeidslivssenteret. NLB har hatt ein auke i bruken av tilbodet ved bedriftshelsetenesta, og i samarbeid med bedriftshelsetenesta har vi gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i ei av avdelingane. Tilsvarande undersøking skal gjennomførast i NLBs andre avdelingar også i 2011.

Utfordringar for NLB

I åra som kjem, ønskjer NLB å auke både produksjonsvolumet og produktbreidda. Meir av litteraturen skal gjerast tilgjengeleg for menneske som strevar med å lese trykt tekst! Samtidig er vi avhengige av å halde fram den sterke satsinga på å vidareutvikle produkt, produksjonsmåtar og distribusjonsformer.

I tillegg skal NLB gjennomføre ei stor satsing på informasjonsverksemd, for på den måten å nå ut til fleire i målgruppa som enno ikkje kjenner til tilbodet vårt. Sjølv om automatisering og sjølvbeteningsløysingar er ein viktig og stadig viktigare del av NLBs tilbod, vil fleire lånarar også skape eit ressursbehov. NLB har henta ut store produktivetsgevinstar dei seinaste åra. Vi vil halde fram den utviklinga, men det er ikkje realistisk å vente like store gevinstar i framtida.

Ny distribusjonsløysing blir lansert i 2011. I åra som kjem, må NLB framleis vere relevant for alle lånargrupper, det vil seie at vi må utvikle oss slik at vi kan halde fram med å yte service unge lånarar som er på nett døgnet rundt, samtidig som vi må ha gode løysingar for lånarar som ikkje ønskjer å skaffe seg kompetanse til å vere på Internett.

Etter som ambisjonane stig og vi får større moglegheiter for å gi betre tilbod, vil samarbeid med andre bli stadig viktigare. Det skaper moglegheiter, men inneber også ein risiko for at enkelte samarbeidsrelasjonar ikkje utviklar seg som planlagt. Prioritering av ressursar og spesiell merksemd mot den kompetansen som trengst for å lykkast med samarbeid, vil vere avgjerande.

Norske studentar i våre målgrupper nyt godt av at vi kan laste ned studie bøker til dei frå den svenske systerverksemda vår, TPB. Etersom TPB også produserer studielitteratur for studentar med lesevanskar, er deira produksjon ein god del større enn vår. Det fører til at utvekslinga mellom landa våre er tilsvarande ubalansert, noko som kan påverke eit samarbeid vi er svært avhengige av.

Samarbeid med innhaldsleverandørar er eit anna viktig, utfordrande og potensielt svært nyttig område for NLBs brukarar. I vår samanheng er bokbransjen og avis- og tidsskriftutgivarar dei viktigaste. Dersom NLB i aukande grad kan få tilgang til filer i relevante format, kan tilbodet til den avgrensa målgruppa vår bli mykje betre, utan at ressursbruken aukar tilsvarande verken for innhaldsleverandørane eller for NLB. Det er krevjande å ha tilstrekkeleg merksemd om desse spørsmåla for verksemdar som lever i stor uvisse om heilt grunnleggjande spørsmål i sin bransje.

Vi ønskjer altså å gjere fleire aviser tilgjengelege for lånarane våre. Dei vil bli tilgjengelege som nedlastingsfiler eller gjennom streaming. Det vil stille heilt andre krav til distribusjonsapparatet vårt enn vi har i dag, der hovudproduktet er bøker distribuerte på CD.

NLB har i åra som kjem, klare ambisjonar om å nå betre ut med informasjon om tilbodet vårt til målgruppene og å vidareutvikle tilbodet. Erfaringane frå de siste åra viser at vi gjennom eigen innsats og eit godt nasjonalt og internasjonalt samarbeid er rusta for å få det til.

Styrebehandla

Styret godkjende årsmeldinga på styremøte 11.02.2011.

Oslo, 17.02.2011

Øyvind Engh
Direktør

Liv Torild Ellefsen
Informasjonssjef